

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD			
Sak nr.	12 - 2013	Side	21
Arkiv nr.	008	Sakshandsamar	grbu
Lagre som	8-13 NOU LIVSSYNSOPNE	Møtedato	26.08.2013

NOU 2013:1 DET LIVSSYNSOPNE SAMFUNN.

DOKUMENTLISTE:

1. NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn med høyringsskriv.
2. Kyrkjemøtet sak 11/13. NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn – Stålsettutvalet. Kirkemøtekomiteens merknader.
3. Samandrag av ulike kapitel i NOU 2013:1.
4. Uttale til høyringssvar frå prostigruppa, med nokon mindre tillegg frå kyrkjeverja.
5. KA – høyringssvar vedteke 6. mai 2013.
6. Kinsarvik sokneråd sak 24-2013. NOU-2013:1.
7. Ullensvang sokneråd sak 22 NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn.

VEDLEGG:

Sokneråda har fått tilsendt dokument 2, 3 og 4 i samband med handsaming av høyringa i det enkelte sokneråd.

SAKSOPPLYSNINGAR:

I fellesrådet sitt møte den 5. mars var høyringsdokumentet som var kome til NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn, lagt fram under meldingar. Fellesrådet drøfta saka og ville arbeida vidare med høyringsuttale.

Leiarane og kyrkjeverjene i fellesråda i Hardanger og Voss prosti hadde møte på Voss, og det vart sett ned ei nemnd av kyrkjeverjer og leiarar som skulle arbeida fram ein uttale. Dette er ei offentleg utgreiing på om lag 440 sider, og kyrkjeverjene har fordelt kapitla seg imellom for å laga samandrag av desse. Kap 24 er kun samandrag frå starten av kapitelet og deretter ein kort samanfatning av framlegga til finansieringsmåtar.

NOU-en skal gje tilråding til politikarane om korleis det norske samfunnet skal forhalda seg til trus- og livssynspolitikk i framtida.

I saksutgreiinga vil eg i hovudsak leggja til grunn den uttalen som er utarbeidd i prostiet si gruppe med nokon mindre endringar.

VURDERING:

Kyrkjeverja har ingen særskilte vurderingar utover det som vert lagt fram i svaret på høyringa.

KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Svar på høyring frå

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Fellesrådet finn det positivt at utvalet er visjonære i val av tittel som omtalar det livssynsopne samfunn, framfor tidlegare tenking om ei livssyns*noytral* offentlegheit. Det vert lagt opp til ein aktiv og støttande trus- og livssynspolitikk ovanfor alle borgarar, samstundes som utvalet understrekar at alle må akseptere å verte eksponert for andre sin trus- og livssynspraksis i det offentlege rom.

GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP FOR FRAMTIDIG TRUS- OG LIVSSYNSPOLITIKK

Me er samde i dei åtte grunnleggjande prinsippa som legg føringar for framtidig trus- og livssynspolitikk. Overordna desse prinsippa burde vere: "Staten sin aktive trus- og livssynspolitikk skal ta omsyn til samfunnets kulturelle og historiske identitet. Dette må gjelde så fram det ikkje bryt med trusfridom eller andre menneskerettar."

Historieskriving

Stålsett-utvalet ser ut til i stor grad å neglisjere den rolla Den norske kyrkja har hatt gjennom 1000 år, i bygging av det norske samfunnet. Historie kan skrivast på så ulikt vis og Stålsettutvalet har vektlagt embetskyrkja si makt, til no å vera ein av fleire livssynssamfunn i ein sekularisert stat.

Enger-utvalet i NOU 2013:4, legg stor vekt på kyrkja si rolle som kulturberar etter 1814. Her vert kyrkja skildra som ein institusjon, som har vore med å byggja den kulturelle grunnmuren i landet, og mobilisert folk til aktiv samfunnsdeltaking. Kyrkja sin rolle i prosessar som gjeld demokratisering og modernisering av det norske samfunn har vore viktig. Kyrkja har århundrar lang diakonal teneste og vore ein aktiv bidragsytar til utvikling av den institusjonaliserte helse- og omsorgstenesta og skuleverket.

Den sentrale rolla kyrkja har hatt, og framleis har, for tre fjerdedelar av befolkninga som kultur-, omsorgs-, og riteinstitusjon må vektleggjast. Totalt høyrer ca. 90% av den norske befolkninga til ulike kristne trdomssamfunn, og omsynet til minoritetane må ikkje svekka majoriteten sine meiningar og ynskje.

Likebehandling

Når det gjeld prinsipp om likebehandling meiner fellesrådet at utvalet går for langt i oppfylle dette. På denne måten vil ein ikkje sikra religionens plass i det offentlege rom, men stå i fare for at den religiøse dimensjonen vert utestengd frå viktige offentlege hendingar.

Likebehandlingsprinsippet må heller ikkje vera til hinder for at trussamfunn kan fatte avgjerd i interne saker, sjølv om verdigrunnlaget i trussamfunnet står i motsetnad til fellesverdiar i samfunnet elles. T.d. kan dette gjelde tilsettingssaker, og i kva oppgåver arbeidstakarar kan verte pålagd å utføre.

Utvalet ser ut til å la likebehandlingsprinsippet gå føre argument basert på historiske tilhøve, der desse kjem i konflikt, og dette er ikkje ein god måte å løysa ei sak på.

Tilknytning mellom stat og religion

Kyrkjeleg fellesråd meiner at tru og livssyn er viktig i livet til einskildmenneska, og dermed viktig for samfunnet. Men heller ikkje i eit pluralistisk samfunn treng det vere eit skarpt skilje mellom religion og stat. Ein stat må kunne knytast til majoriteten sitt livssyn, under føresetnad av at ein vernar minoritetane sine rettår. Ein stat må også med frimod kunne løfta fram sine tradisjonar, utan å stengja for andre. Ein kan ha preferansar for vårt eige, og samstundes opne for andre. Menneskerettsdomstolen i Haag har slege fast at det ikkje strir mot menneskerettane og trusfridomen at staten er knytt til ein bestemt religion.

Dersom ein nasjon skal bestå som eit fellesskap mellom folk, er det viktig å vere medviten den nasjonale tradisjonen og kulturelle grunnmuren, og vidareutvikle denne utan å krenka rettane til dei med ein annan kulturell bakgrunn og ei anna tru.

GRUNNLOVSENDRING

Utvalet ser ut til å ville ta omkamp både når det gjeld Grunnlovsendringa frå 2012 (§2, Verdiparagrafen og §16. Lov om trussamfunn), samt føremålsparagrafane for skule og barnehage, og ansvar for gravferdsforvaltninga. Alle desse sakene er nylig handsama og vedtekne i Stortinget, og det burde vere unødvendig å ta desse prosessane opp att på nytt så snart.

KYRKJA SI SAMFUNNSROLLE

Det synast som utvalet sår tvil om legitimiteten til livssynsbaserte verksemder i utføring av offentlege oppgåver. Dette kan føre til at kyrkja sitt samfunnsoppdrag, knytt til m.a. gravferdsforvaltning, vigselfrett og rolla i høve større, offentlege markeringar fell vekk. Fellesrådet ser dette som uheldig.

Gravferdsforvaltning

Den norske kyrkja sin livssynsmessige forankring er ein ressurs, snarare enn eit problem i møte med det religiøse mangfaldet. Når ”tru møter tru”, t.d. i samband med gravferdsforvaltning, kan resultatet verte dialog, tillit og respekt, heller enn spenning og konflikt. Dette er livssynsopenheit i praksis. Me trur det kan vere lettare for menneske med eit anna livssyn å forhalde seg til eit anna trussamfunn enn til ein ”nøytral” instans når det gjeld spørsmål knytt til gravferd. I undersøkingar gjort i norske tilhøve uttrykker eit stort fleirtal, på tvers av trussamfunn, at ein er nøgd med Den norske kyrkja som gravferdsforvaltar.

Vigselsrett

Utvalet er delt i synet på framtidig ordning for ekteskapsinngåing og vigselsrett. Me støttar mindretalet i utvalet, som går inn for at trus- og livssynssamfunn framleis har vigselsrett, slik ordninga er i dag. Dette vil me grunngje med djupe røter og tradisjonar i det norske samfunnet, i ei ordning som fungerer godt. Samstundes fins det i eksisterande ordning stor valfridom for einskildmenneska.

Kyrkja si rolle ved krise, ulukke og nasjonale tragediar

Ved nasjonale tragediar trekkjer svært mange til kyrkjene, sjølv om dei vanlegvis er det ein kan kalle ”kyrkjeframande”. 22. juli er eit aktuelt døme på dette, og understrekar viktigheita av å byggje vidare på røtene i det norske samfunnet, der kyrkja har ei sentral rolle som samlingspunkt i krisesituasjonar.

Dette gjeld også i kommunale kriseteam, der det i dag sit ein representant frå den norske kyrkja. Utvalet ynskjer å fjerne denne representasjonen, og at politi eller helsepersonell skal gå med dødsbodskap. Me meiner at prestetenesta i staden bør framhevast i samband med kriser og ulukker. Dei gjer ein god og viktig jobb i møte med menneske i sårbare situasjonar, uansett religion og livssyn. Det er også viktig å legge vekt på prestane si totale teieplikt i møte med menneske i vanskelege situasjonar.

Ansvar for bevaring av kulturminne

Gjønnes-utvalet påpeika i NOU 2006:2, at det er store behov knytt til vedlikehald av freda og verneverdige kyrkjer. Også Stålsett-utvalet ser behovet for å etablere særskilde finansieringsordningar. Me meiner det er et samfunnsansvar å ta vare på desse monumentalbygga, som er historie-, kultur- og arkitekturberarar for innbyggjarane i Noreg, uavhengig av tilknytning til Den norske kyrkja.

Plagg og symbol

Me meiner at i dei yrke og situasjonar der ein brukar uniform, som nøytral representant for det offentlege Noreg, skal det ikkje nyttast religiøse plagg og symbol saman med uniforma. T.d. gjeld dette politi og domstolar, som skal vere uhilda i alle saker.

STØTTE TIL TRUS- OG LIVSSYNSSAMFUNN

Trus- og livssynsamfunn skal ikkje finansierast ved medlemsavgift, men over skattesetelen som i dag, slik det var forutsett under kyrkjeforliket i 2008.

Det må ikkje leggjast opp til rutinar for inn- og utmelding som er så enkle at årleg tilskot vert vanskeleg å ha oversikt over for det enkelte samfunn.

Det bør koma ein ny lov som gjev grunnlag for vilkår for støtte. Godkjenninga kan leggjast til ein instans utanom Oslo for å styrkja den desentraliserte utviklinga i Noreg.

OPPSUMMERING

Utvalet si tilnærming til, og forståing av omgrepet religion er for smal. Religion er meir enn eit livssyn og ei tru som ei gruppe menneske sluttar seg til. Det handlar også om kultur, riter, praksis, tradisjonar, haldningar, verdisystem, individuell og kollektiv identitet. Me meiner at det livssynsopne samfunnet best vertbygd ved at trus- og livssynsnærver på ulike samfunnsområde utfyllast og supplerast av eit mangfald av trus- og livssynsaktørar, og **ikkje** ved at ein reduserer Den norske kyrkja si rolle og nærver i samfunnet.

Kyrkjeleg fellesråd, den 26.08.2013**VEDTAK:**

Svar på høyring er handsama i alle tre sokneråda og dei har vedteke uttalen til høyringa:

Ullensvang sokneråd vedteke 13.06.13 sak 22 NOU "Det livssynsopne samfunn."

Kinsarvik sokneråd vedtek 19.06.13 sak 24 NOU 2013:1.

Utne sokneråd vedteke 19.06.2013 sak 37. NOU 2013:1 "Det livssynsopne samfunn".

Kyrkjeleg fellesråd har handsama saka pr epost etter at den har vore oppe i alle sokneråd og samrøystes vedteke kyrkjeleverja sitt framlegg til vedtak.

Utskrift til:	Ullensvang herad. Kulturdepartementet.
Rett utskrift:	